



# Helsefelleskap Møre og Romsdal

## Møtereferat

<b>Utval</b>	<b>Lokalt samarbeidsutval Volda</b> (Helsefelleskap Møre og Romsdal)
<b>Møteleiar</b>	Renathe Rossi-Kaldhol
<b>Referent</b>	Sissel Ørstavik Aase
<b>Møtenummer</b>	2 (4) - 2021
<b>Dato</b>	Fredag 10.12.21
<b>Tidspunkt</b>	1200 – ca. 1430
<b>Stad</b>	Teams

### Tilstades medleamar:

<b>Organisasjon</b>	<b>Navn og stilling</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Møtt</b>
Helse Møre og Romsdal	Mona Ryste, rådgivar Klinikk Volda sjukehus	Representant og nestleiar av utvalet	X
Helse Møre og Romsdal	Palma Hånes, klinikkssjef Klinikk Volda sjukehus	Representant	
Helse Møre og Romsdal	Anita Myklebust Nybø, seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehabilitering	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Kari Standal, seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Hallgrim Myklebust, seksjonsleiar DPS	Representant	X
Hareid kommune	Helga Bøe, kommunalsjef	Representant	X
Herøy kommune	Renathe Rossi-Kaldhol, kommunalsjef	Representant og leiar av utvalet	X
Sande kommune	Bård Dalen, helse og omsorgssjef, Wenche Brit Thorseth	Representant Vararepresentant	X
Ulstein kommune	Marit Botnen, kommunalsjef	Representant	X
Vanylven kommune	Eli Tefre Nordal, kommunalsjef	Representant	
Volda kommune	Svein Berg-Rusten, kommunalsjef	Representant	X
Ørsta kommune	Oddvar Marøy, stableiar tildeling og koordinering	Representant	X
Fastlege/ Praksiskonsulentordninga	Stian Endresen, fastlege Ulstein og praksiskonsulent (HMR)	Representant	X
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas, Norges Handicapforbund (NHF)	Representant	
Brukarrepresentant Helse Møre og Romsdal	Ny representant ventast	Representant	
Brukarrepresentant kommune vara	Anders Johnsen, LHL	Vararepresentant	
Brukarrepresentant Helse Møre og Romsdal	Jakob Strand, Pensjonistforbundet	Vararepresentant	

Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy, samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (frå 01.01.22)	Sekretariat	X
Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR)	Sissel Ørstavik Aase, rådgivar seksjon for samhandling i HMR	Sekretariat	X

Andre tilstades:

Organisasjon	Navn	Stiling	Sak
Ørsta kommune	Kristin Vik	Leiar i Sjustjerna helse og omsorg	16/11
Hustadvika kommune	Karin Sjøholm Iversen	nestleiar for faglig sam. arb. utval rehabilitering og koordinerande eining Hustadvika kommune,	17/21
Helse Møre og Romsdal	Toril Kvisvik	Prosjektkoordinator Barn og unges helseteneste, teamkoordinator Lærings- og meistringssenteret	18/21

Sak nr.	Sak	Vedtak/aksjon	Ansvarlig	Frist
14/21	<b>Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda.</b> - Innkallinga til møte vart godkjent. - Presentasjonsrunde utgår.  - Det var ingen saker til eventuelt.		Ved leiar av LSU Volda Renathe Rossi-Kaldhol	
15/21	<b>Godkjenning av referat frå møte nr. 1-2021 i Lokalt samarbeidsområde for Volda sjukehusområde og møte frå ekstraordinært møte handlingsplanar.</b> Referata vart godkjent.		Ved leiar av LSU Volda Renathe Rossi-Kaldhol	
16/11	<b>Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering</b>  <b>Helse Møre og Romsdal:</b> Mona Ryste informerer om status vedrørende covid-19 og antal innlagde, og auke i utskrivingsklare pasientar. Styrevedtak pr. 8/12 vedrørende flytting av Mork rehabiliteringssenter til DPS sine lokaler ved Volda sjukehus. I tillegg til informasjon om nybygg, satelittdialyse utvidar tilbod til 7dg/veka og ein skal starte opp ein infusjonspost frå sept 2022. <i>Presentasjonen følgjer vedlagd.</i>  <b>Kommunane:</b> Informasjon kring covid-19. Kommunane slit med rekrutering av kommuneoverlegar/fastlegekrise (i MR manglar 6 % av innbyggerane fastlegar). Oddvar M. kommenterer at ein brukar også store legeressursar inn mot pandemien, så den varsla fastlegekrisa vert ekstra synleg. Lite ressursar til førebygging/planlegging grunna pandemien, særleg mtp kommuneoverlegar. I Volda har ein td. lyst ut stilling etter kommuneoverlege for 3. gong.  Oddvar Marøy vert samhandlingskoordinator inn i Helsefelleskapet i MR,		Ved rådgivar Mona Ryste (på vegne av kliniksjeff ved Volda sjukehus Palma Hånes) og leiar i Sjustjerna helse og omsorg Kristin Vik	

	<p>frå 01.01.22 med Volda som vertskommune. Det arbeidast også med innføring av Helseplattformen. HP skal besøke dei ulike legekontora rundt om i kommunene på Søre.</p>		
17/11	<p><b>Orienteringsak: Presentasjon av handlingsplan for koordinerande eining, IP (individuell plan) og koordinator.</b> <i>Presentasjon følgjer vedlagd.</i></p> <p>Karin S. Iversen, på vegne av arbeidsgruppa og Anne Hollingen, tek oss gjennom presentasjonen vedrørende handlingsplan med informasjon kring koordinerande eining, IP og koordinator og skisserer ma. utfordringsbilde både i HMR og i kommunane, med mål om sikre god forankring, bidra til koordinerte tilbod, tydeleggjere ansvar og forbedra samarbeid. Har tildlegare i haust fått innspel frå LSU Volda på handlingsplanen.</p> <p>Stian E. refererer til at fastlegar kan legge inn kontaktlege/kontaktpsykolog og Individuell plan og koordinaton, må få inn rutine på korleis (jf. dialogmeldingar/epikrise?) i planen.</p> <p>Kari S. kommenterer at i pakkeforløpa, skal ein få koordinator både i spes. helseteneste og kommune – viktig at man veit om at man har ein koordinator.</p> <p>LSU Volda sjukehusområde tek saka til orientering.</p>	<p>Ved nestleiar for faglig sam.arb. utval rehabilitering og koordinerande eining Hustadvika kommune, Karin Sjøholm Iversen</p>	
18/21	<p><b>Orienteringsak: Barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal.</b></p> <p>Toril Kvisvik og Kari Standal orienterer om satsinga Barn og unges helsetjeneste for born og unge med psykiske vanskar. Ynskjer varig tilbod/ending som må forankrast breidt, ikkje berre eit prosjekt. Tek oss gjennom PP-presentasjon. <i>Presentasjonen er vedlagd.</i></p> <p>Det arbeidast med info kring satsinga på HMR sine nettsider. Sjå lenker til Barn og ungeshelseteneste ved to andre helseføretak vedlagt: <a href="https://www.helse-fonna.no">Barn og unges helseteneste - Helse Fonna (helse-fonna.no)</a> <a href="https://www.helse-stavanger.no">Barn og unges helsetjeneste - Helse Stavanger (helse-stavanger.no)</a></p> <p><i>Innspelsrunde:</i> Ønsker at LSU Volda er gode ambassadører for satsinga, bidra med gode innspel tilbake til prosjektgruppa. LSU Volda ved leiar Renathe R.K. meiner dette er ei viktig satsing, noko ein på vegne av Helsefellesskapet og prioriterte område (born og unge) skal satse på.</p> <p>Stian E. kommenterer at fastlegane heiar på denne satsinga, viktig å satse på i 2022. Gode planverk frå Helse Fonna. Samhandlinga er utfordrandrande, særleg PPT/Barnevern har vanskar jf. manglande elektroniske meldingar. Han gjev forslag om at kommunedirektørar gir tydleg tilbagemelding om at legar ved helsestasjonar vert teke ut til å jobbe med dette på gitt tidspunkt, ikkje nytte fastlegar til dette arbeidet.</p> <p>Mona R. informerer at satsinga på barn og unges helsetjeneste også godt mottatt i strategisk samarbeidsutval. Viktig å tydeleggjere rollene og ansvar for kvarandre. Og det er ein fordel at det er ei utprøvd satsing i Helse</p>	<p>Ved prosjektkoordinatør, HMR Toril Kvisvik Og medlem i prosjektgruppa Kari Standal, BUP Volda</p>	

	Fonna. Ein bruker grunnlagsdokumenta frå Helse Fonna til å tilpasse våre regionale forhold. LSU Volda sjukehusområde tek saka til orientering.		
19/21	Oppfølging av sak 19/2021 frå møte 2 (23.04.21) vedrørande <b>rask psykisk helsehjelp</b> . Lite endring frå då saka vart teke opp sist, nesten status quo. Har fått kartlagt at det kostar ein del pengar for å stette krava til dette. Status: Har ikkje klart å prioritere eller jobbe systematisk med rask psykisk helsehjelp, verken i Volda eller resten av sjustjerna. Ta dette opp igjen etterkvart, knytt til punkt 2 som er vedtatt som satsingsområde (sak 21/21).	Ved kommunalsjef Svein Berg-Rusten, Sjustjerna helse og omsorg	
20/21	<b>Godkjenning av innspel til handlingsplanar Helsefelleskapet:</b> Gjere vedtak på samanfatning av innspel på handlingsplanar frå LSU Volda frå fagleg samarbeidsutval Multisjuke, stormottakar og palliasjon, Psykisk helse og rus, Barn og unge og Akuttmedisinsk kjede, jf. sak 13/21.  <b>Vedtak:</b> Innspela frå LSU Volda vart godkjent. Sekretariat ved Sissel Ørstavik Aase vidaresender innspela til leiarar av fagutvala etter endt møte.	Ved nestleiar LSU Volda Mona Ryste	10/12
21/21	<b>LSU Volda og Helsefelleskap:</b> Orientering og dialog kring val av fokusområder, knytt til ma. kompetanseutvikling ( <i>Presentasjon følgjer vedlagd</i> ). <b>Kompetanseplan (vidareføring av sak 14/2019).</b> Kort gjennomgang av kompetanseplan.  Korleis kan vi få til bærekraftige tenestar i MR? <b>Forslag til prioriterte satsingsområder for 2022:</b>  <b>1.Felleskompetanse/rekruttering</b> - Vidareføring av Felles kompetanseplan. Viser oversikt over ulike kompetansehevande tiltak og fagdagar i 2022, mellom anna felles fagdag for geriatri. Viktig å få til felles møteplassar og synleggjere det kollegiale, vesentleg med kompetanseutvikling og vi må vise kva vi kan tilby jf. rekruttering. - Helsepersonellsituasjonen <b>2. Fokusert innsats på tiltak og gode pasientforløp til dei fire prioriterte gruppene</b> - Personar med alvorlige psykisk lidelsar og rusproblem, skrøpelege eldre, born og unge samt personar med fleire kroniske lidingar. Herunder satsing på Barn og unges helsetjeneste samt rask psykisk helsehjelp. - Førebygging. <b>3. Vellukka kultur for samhandling</b> - Tydeleg leiing i kvar seksjon som arbeider aktivt saman med partnarane og skaper eit godt samarbeidsklima. - Råbra (= forsterke det ein gjer bra, ikkje berre fokus på avvik) og samhandlingsstatistikk /viktige møteplassar <b>4. Innspel til Nasjonal helse og sjukehusplan (NHSP) 2024-2027</b>	Ved nestleiar LSU Volda Mona Ryste	

	<p>- LSU koordinerer og sender felles uttale til Helsefelleskapet innan 1. mars 2022.</p> <p><b>Vedtak:</b> LSU Volda gjer vedtak om prioritering av desse fire satsingsområder for 2022.</p>		
22/21	<p><b>Barn som pårørende i HMR</b> Kort orientering basert på info om barn som pårørende, ma. frå <a href="#">nettsida til HMR om born som pårørende</a>. Deretter tilbakemeldingar frå alle kommunene i sjustjerna om korleis barn som pårørende blir ivarettatt (status og kva arbeid som vert gjort)</p> <p><i>Sande kommune:</i> Wenche B. Thorseth har vore i kontakt med helsestasjonen, dei er på tilbodssida dersom dei treng. Saknar info frå legar oversikt, veit ikkje om Oppvekst.</p> <p><i>Ørsta kommune v/ Kristin Vik:</i> Litt tilfeldig, ikkje systematikk i arbeidet. Er bevisstheit i dei ulike teneste (rus/psykiatri: spør alltid om der er barn involvert), ellers er dette ukjent at det foregår meldlingsutveksling. Bør sette meir fokus på dette.</p> <p><i>Ulstein kommune v/ Marit Botnen:</i> Dette er viktig. Oppvekst- og barnevernsreforma gjer at vi har fokus på dette i kommunen. Er avhengig av kvarandre og må samsnakke og viktig å samhandle godt på tvers om dette. Opplever at skulane er gode/obs. på dette, har tiltak i skular. Td. barneblikk-prosjektet.</p> <p><i>Herøy kommune v/ Renathe R. Kaldhol:</i> Viktig at arbeidet på dette området vert gjort systematisk, viktig at både sektor oppvekst og sektor helse jobbar med born som pårørende. Heilheitleg tankegang og systematikk i heile livsløpet for alle innbyggjarar.</p> <p>Pakkeforløpa – kan bidra til at det vert meir systematisk gjort, og bidra til at dette ikkje vert tilfeldig og «felle mellom 2 stolar».</p> <p><i>Volda kommune v/Svein B. Rusten</i> har fått tilbakemeleding frå kommunalsjef Oppvekst at ein følger opp dette der ein er i kontakt med born og unge gjennom helsestasjonar, bhg/skule og tiltak frå i helsestasjon, psykologteneste evt barnevern der ein kan få oppfølging.</p> <p><i>Stian Endresen:</i> Born som pårørende bør stå i epikriser, kva er blitt gjort vedrørende dette. På LIS1 undervisning må ein hugse på dette.</p> <p><i>Mona Ryste:</i> Ofte manglande info når pasienten vert lagt inn på sjukehus. Kartlegger nok ikkje godt nok i HMR ved utskriving også. Fell desse borna mellom 2 stolar?</p> <p>Tilbakemeldingar sendast til Palma Hånes (via referatet) som sit i styringsgruppa for barn som pårørende i HMR.</p>	<p>Ved Mona Ryste, klinikkssjef Palma Hånes, samt kommunale representantar</p>	
23/21	<p><b>Møteplan for LSU Volda sjukehusområde for 2022.</b> Jf. revidert samarbeidsavtale punkt. 5.3.2 b skal det vere 4 møter pr. år, evt. fleire ved behov.</p> <p>Møte vert 4 fredagar i 2022 frå kl. 12- ca. 15 i forlenging av sjustjernemøta:</p>	<p>Ved leiar av LSU Volda Renathe Rossi-Kaldhol</p>	

	<p>4. mars 10. juni 2. September 2. Desember</p> <p>I tillegg eit digitalt møte kring innspel til Nasjonal Helse og sjukehusplan i slutten av februar. Dette grunna innspelsfrist 1. mars 2022.</p> <p>Sekretariat ved Sissel Ø. Aase sender møteinnkalling til møta, det vurderast fortløpande om møta skal haldast digitalt eller fysisk.</p>		
24/21	<p><b>Eventuelt</b> Ingen saker.</p>		

Volda, 17/12-21

Kopi til:

Sjustjerna helse og omsorg: ved Gro Anette Frøystad Voldsund

Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:

Samhandlingssjef Eli Otterlei